



Alver kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

Att. Laila Bjørge

Fråsegn - Alver - Lukking av bekk på GBNR 227/4

Vi viser til oversending av søknad av 2. mars og tilleggsmelding av 25. mars.

Om tiltaket

Det er søkt om å lukke 4 strekker i to bekkar på GBNR 227/4; aktuelle strekk er på 40 m, 28 m, 31 m og 13 m. Det er foss nedstraums strekkene som skal lukkast i begge bekkane. Søkjar opplyse at bekkane er flaumbekkar, og var tørrlagt somrane 2014, 2018 og 2019.

Føremålet med lukkinga er å betre forholda for frukt og bærproduksjon på garden.

Vår vurdering

Grunna fossane i bekkane, vurderer vi at det ikkje er anadrom fisk i bekkane innanfor tiltaksområdet. Vestland fylkeskommune er då rette mynde for ein eventuell vurdering etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Søkjer opplyse at det ikkje er sett fisk oppstraums eksisterande røyr.

Bekkelukking er etter vårt syn generelt uheldig og bør unngåast. Opne vassdrag har stor verdi for flora og fauna, som landskapselement, for vasskvalitet og handtering av vatn (flaumkapasitet) mm. Vi viser elles til NVE si fråsegn.

Med helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua
Postboks 7900

0301 OSLO
5020 BERGEN